

Så er julebutikk, julehelg og nyttårsfeiring over for denne gang. Vi har hatt nokre rolege dagar og er klare for eit nytt, spennande kreativt år!

Vi tenkte å starte opp med eit saumprosjekt. Og for dei som likar ugler er det berre å setje av den **11. januar**. Den kvelden skal vi sy ugler i lange baner...;o) Det er pynteugler som har erter i botnen så dei står stødig.

Vi lagar materialpakkar og då må vi må ha påmelding til denne kvelden. Vi heng opp liste i Kreativiteten. For dei som ikkje kjem seg ned dit for å skrive seg på, går det å sende e-post til Annlaug; [annlaug@artemisrad.no](mailto:annlaug@artemisrad.no)

Ta med symaskin, sytråd, fyllvatt og elles det utstyret du måtte ha bruk for. Som vanleg blir det loddsal, noko å bite i og ei god, kreativ stemning;o)



**Helga 22. – 23. januar** blir det halde dukkekurs. Det er Anny Smådal som skal komme for å halde kurset. Kurset er på 15 timar og kursavgifta er på kr 975,- I tillegg kjem materialkostnad på kr 300,- Anny har med alt det materiellet vi treng for å lage dukker. Også her må vi ha påmelding, så meld deg på og set av helga allereie no;o)

Etter at butikken er plukka ned er det tomt i bua vår. Vi vil gjerne at de tek med noko av det de har laga så vi kan få til ei utstilling som kan inspirere oss. Eg veit ikkje korleis det er med deg, men eg blir inspirert av det eg ser rundt meg. Noko av det du har laga kan gjerne inspirere nokre andre av oss til å lage noko liknande eller ta ein detalj av ditt arbeid med i vårt arbeid. Til meir flott vi har rundt oss til fleire idear vil komme og gjere det kjekt å vere på bua.

Vi i styret håpar du vil ta med nokre av dine arbeid til inspirasjon for oss andre.

